

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.12.2019

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- VAL AV RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2019-2023
- VAL AV ELDRERÅD 2019-2023
- VAL AV KOMMUNALE MEDLEMMER TIL SAMARBEIDS- OG SKULEMILJØUTVAL FOR 2019-2023
- SØKNAD FRÅ YTRE GULEN IDRETTSKLAG OM KOMMUNALT TILSKOT TIL REHABILITERING AV BALLBINGE PÅ BYRKNESØY
- GODKJENNING AV KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING 2020-2027
- GODKJENNING AV VEDTEKTER FOR KOMMUNEARKIVORDNINGA I VESTLAND KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP
- KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2019-2022. RULLERING AV HANDSLINGSPROGRAM FOR 2020.
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE. REVISJON 2019
- VURDERINGAR KNYTT TIL VERTSKOMMUNEAVTALE NAV MASFJORDEN
- REGLULERING AV DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETTET 2019
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2020
- BUDSJETT FOR 2020 MED HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2020-23. SLUTTHANDSAMING
- KOMMUNEARKIVORDNINGA (KA) I SOGN OG FJORDANE. VAL AV REPRESENTANT FRÅ GULEN KOMMUNE FOR PERIODEN 2019-2023

Stad og tid: Skjerjehamn kl. 10.00  
Sakstiltfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

## Helsing frå Ordføraren

Kjære alle.

Eg vil få takke for tilliten i valet, som gjer at eg får fortsette den kjekke jobben for folket i Gulen. Det er mykje spennande som skjer i

kommunen vår, og eg gler meg til å få fortsette det arbeidet.

Perioden starta med ein måned sjukmelding for meg. Frå å ha vore frisk heile livet, var det nytt for meg å møte helsevesenet. Og eg er imponert over det arbeidet og omsorga dei viser i ein travel kvardag. Vi kan vere stolte av den modellen vi har her i landet. Eg er no friskmeld og i fullt arbeid att, og er takksam for det.

No er det behandlinga av budsjettet som står for døra, og det er som vanleg harde prioriteringar som må gjerast. For sjølv om vi det siste året har fått store inntekter, veit vi ikkje om dette vert stabile inntekter framover, og det er vanskeleg å ta dei inn i drifta. Men vi legg opp til å bruke ein del det neste året og håpe på at havbruksfondet gjev stabile inntekter for kommunen. Så er vi komne opp i ein situasjon der formannskapet vårt er kjent ugyldig på grunn av at vi ikkje har kvinner med. Det er svært få kvinner i kommunestyret, og vi hadde prioritert utvala. Men no lyt vi få på plass eit formannskap etter lova. Men eg vil oppfordre kvinnene i kommunen at dei om 4 år stiller seg til disposisjon på listene, og høgt oppe.



No nermar jula seg med stormskritt, og eg vil få ynskje dykk alle ei God Jul og eit Godt Nyttår.

Mvh  
Hallvard Oppedal,  
Ordførar

## Kunngjering

Budsjett 2020 med revidert handlings- og økonomiplan 2020-23

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osb. 2020

Framlegg til desse sakene ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **16.12.2019** er det høve til å kome med merknader til sakene. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

## Status vedkomande Ånneland vassverk

Det nye vassbehandlingsanlegget vart knytt til forsyningsnettet den 29. oktober, og har sidan stått for levering av reint drikkevatt ut til abonnentane. Sjølv om det alltid er noko «smårusk» i starten, har anlegget fungert veldig bra og vassprøver tekne med jamne mellomrom viser at vasskvalitet er god. Mattilsynet var på tilsyn ved reinseanlegget eit par dagar etter tilknyttinga, og var svært godt nøgde med det dei såg.

I samband med omkoplinga frå gammalt til nytt vassbehandlingsanlegg var abonnentane på Ånneland utan vassforsyning i om lag 5 timar. Inkludert i denne tida vart hovudleidningen over Ånneland spylt ut. I etterkant av omkopling / utspyling er det mogeleg at enkelte abonnentar merka at vatnet var misfarga. Misfarginga skyldast slam som ligg på innsida av vassleidningane, og som losnar når vasshastigheit aukar ved utspyling eller grunna luftboblar som kom inn i vassleidningane i samband med omkoplinga. Dette er ufarleg, og vi håpar det ikkje har medført ulemper for brukarane.

Alt anleggsarbeid i samband med det nye reinseanlegget er no i hovudsak ferdigstilt, og både entreprenør og leverandør av membranfilteranlegg har gjort ein god jobb. Det gamle reinseanlegget er heilt fråkopla, og bygg / utstyr der vil verte avhenda. Rett over nyttår vil driftskontrollsystem vere på plass, slik at ein betre kan overvake status på vassforsyninga, og dermed førebygge driftsavbrot.

Sjølv om det nye vassbehandlingsanlegget har større kapasitet enn det som var tidlegare, vil vi oppmode abonnentane om ikkje å sløse med vatnet. Å produsere reintvatn kostar pengar. Pass difor på at lekkasjar på stikkleidningar og kranar vert reparert så snart som råd. Slangar som ligg ope eller grunt kan fryse og sprekke. Å late vatnet renne for å hindre at leidningen fryser er kostbart for fellesskapet, då er det betre å isolere denne, evt. bruke varmekabel.

Til slutt må vi nemne at det har kome inn mykje positive attendemeldingar både undervegs, og etter at det nye

vassbehandlingsanlegget kom i drift. Gulen kommune håper at abonnentane på Ånneland vil få glede av reint og godt drikkevatt frå Ånneland vassverk framover!



## Status vedkomande gang- og sykkelveg samt avlaupssanering over Søre Garden til Nesevågen på Byrknes

Arbeidet med avløpsanlegg og den nye gang- og sykkelvegen over Søre Garden til Nesevågen er no avslutta. Det står att litt overdekking av den nye slamavskiljaren som ligg nede i Nesevågen, men dette skal vere ferdigstilt i løpet av november. Framdrifta på prosjektet gjekk litt trått i starten, og mange opplevde anleggsarbeid tett inn på bustadane sine i store delar av sommaren. Heldigvis gjekk ting raskare etter ferien, og i slutten av september var asfalt komt på plass. Resultatet ser veldig pent ut, og entreprenøren har gjort ein god jobb med finishen!

Det er lagt ny avløpsleidning under veggen, og bustadane er no i ferd med å knyte seg til denne. Overvatnet vert leia i ny leidning

ned til Nesevågen, og fiber / straumkablar er lagt i traseen under gangveg.

Vi må få takke alle som bur langs vegen, eller har vorte påverka av dette prosjektet på andre måtar, for stor vilje til å løyse utfordringar på ein god måte!



## OPNINGSTIDER I JULA

### Ekspedisjonen:

Ekspedisjonen/sentralbordet er ope i romjula frå kl. 10.00-14.00.

**Biblioteket i Eivindvik er stengt  
måndag 23.12.19**

### Tannklinikken:

Tannklinikken har julestengt frå  
19.12.19 – 01.01.20



## Info om feiing

Me får ein del telefonar med førespurnad om når feiaren kjem. Feiaren begynte å feie bustadhus på Kringla tidlegare i haust og jobbar seg utover i kommunen. Du vil få melding på telefonen nokre dagar i forkant. Det er viktig at du sjekkar at telefonnummeret ditt ikkje er blokkert for meldingar frå kommunen. Det kan du gjere sjølv på [www.varslemeg.no](http://www.varslemeg.no).

Feiing av fritidsbustadar vil starte opp når feietenesta er ferdige med bustadhusa. Eigargar av fritidsbustadar som skal feiast vil få melding på telefonen ca. 14 dagar i forkant.

Ynskjer du kontakt med feiaren direkte, er det beste å sende ein e-post til [kristian.s.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:kristian.s.kvinge@masfjorden.kommune.no).

Meir informasjon om feietenesta finn du på kommunen sine nettsider.

## Nytt medlem i Hukommelsesteamet

Som ein av grunnleggarane av hukommelsesteamet for 11 år sidan har Miek Norman no slutta. Ho har gjort ein formidabel jobb, og vi kjem til å sakne henne. Brita Eidnes byrja som nytt medlem i teamet i november.

Vi ynskjer ho hjarteleg velkomen, og ser fram til eit godt samarbeid!

Har du spørsmål om demens?

**23 12 00 40**  
**Demenslinjen**  
E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

Med ynskjer om ei god og fredeleg jul til alle! Hukommelsesteamet i Gulen:  
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Skog i Gulen

PEFC Skogstandard.

7. og 8. november var det skogkurs i PEFC Skogstandard. Dette er eit sertifikat som dei fleste kjøparar av tømmer krev for å ta imot virke. Og kravet mot skogeigar er at han/ho kjenner til kravpunkta og rettar seg etter dei som er aktuelle.

Dag to er ein i skogen/ hogstfeltet for å sjå etter praktiske dømer.



Trygve Øvergård frå Skogkurs underviser.Gravedrift, mellombels eller varig driftsveg?

## Tilskot til drift i bratt terreng

Det er mogeleg å få tilskot til drift i bratt terreng. Dette er ei ordning som er aktuell



om ein høgg sjølv eller set drifta bort til andre. Om du veit dette er ei ordning du vil nytte denne vinteren, så ta kontakt med kommunen før du byrjar hogge.

## Skogsveggar

Mykje skog står nær til offentleg veg. Likevel må det nokre gonger byggast eit stykke skogsveg for å få fram tømmeret. Tenkjer du som skogeigar at du vil hogge skog, så tenk i god tid om du har behov for ein skogsveg. Viktig å få denne planlagt og bygd før hogsten tek til.

## Skogplanting

I 2015-16 vart det hogge mykje tømmer i Gulen. Ca 15 000 m<sup>3</sup>. Noko av dette arealet er planta til att. Og noko av arealet treng berre litt supleringsplanting. Men på andre deler må heile det avverka arealet plantast til.

Alle som høgg tømmer, skal legge til rette for forynging. Ved flatehogst som er mest vanleg, må ein oftast plante. Er det sett att frøtre, kan fjerning av humuslaget slik at frøet får kontakt med jord, vere godt nok. Det må gjerast tiltak. Dette kan ein bruke skogavgiftsmidlar til og ein kan søkje om tilskot.

Det var Vestskog som hogg her i 2015-16. No har dei fusjonert med AT Skog. Plantar og planting kan tingast hos AT Skog. Du kan logge inn på «Min side» hos AT Skog eller ringe dei på tlf: 38 58 82 00. Skogbruksleder Pierre Arnaud hos AT Skog, dekkjer Gulen. Han kan nåast på mob.: 981 91 588.

Norskog kan også tilby tenester på forynging. Ta kontakt med Tom Kristian Hestad Kårstad, mob.: 994 41 514 Etter skoglova er ein pliktig til å plante att etter hogst. Dette er også regjeringa oppteken av vert gjort. Tre bind karbon. Rimeleg klimatiltak.

## Tips til julegåver

### Julekampanje på bygdebøkene for Gulen;

Gulen i gammal og ny tid (per bok) kr 250,-  
Gulen i gammal og ny tid I-III kr 600,-

Vi har fleire bøker for sal sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)



Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset.

Du kan også tinge bøker via telefon eller e-post.

## Ikkje kast matfeitt i toalett eller skyl det ut i vasken

Gulen kommune oppfordrar til at matfeitt vert handtert rett og ikkje utgjør unødvendig skade. Vi ynskjer ikkje at kloakkpumpene skal gå tett i jula (og elles). Dette er ei stor utfordring for avløpsanlegga. Ta omsyn.



Sjå [dovett.no](http://dovett.no) for meir informasjon.



Endring av opningstider på NAV sitt kontor på kommunehuset i Eivindvik

Frå 9. desember 2019 har vi opent

- Kvar tysdag kl. 10:00-14:00
- Etter avtale kan vi ha møte andre dagar
- Ring 55 55 33 33

Opningstider i Jule- og nyttårsvekene:

- Måndag 23. og måndag 30. desember kl. 10:00 – 14:00
- Vi har stengt Juleafta og Nyttårsafta.

NAV Fensfjorden, avdeling Gulen